



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 18.02.2016
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 – 20:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Brandtun	AP
Liv Ulvøy	V
Viggo Leirvåg	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ivar Bergsvik	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, kommunalsjef Torleiv Frotjold og avdelingsleiar Asbjørn Toft

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/16	Godkjenning av møteprotokoll
003/16	Meldingar
004/16	Orienteringssak
005/16	Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland - Høyring
006/16	Søknad om fritak/permisjon for politiske verv
007/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 - 2019
008/16	Kommunestruktur - Mandat til forhandlingsutvalet
009/16	Kontrollutvalet - Ansvar, oppgåver og organisering
010/16	Plan forvaltningsrevisjon
011/16	Godkjenning av Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009
012/16	Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim
013/16	Betalingsattsar for barnehageplass med verknad f.o.m. 01.04.2016
014/16	Busetting av einslege mindreårige flyktningar

001/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 001/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/16: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 002/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

003/16: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 003/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

004/16: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

1. Asbjørn Toft orienterte om sak Omsorgsbustadar på Kaland - Igangsetting av planendring i området som må handsamast i kommunestyre sitt møte den 25.02.16. Kopi av saka vart utdelt i møtet.
2. Torleiv Frotjold orientere om utgreiinga for utviding av Kaland barnehage og delte ut notat i saka. Saka vert handsama i kommunestyret sitt møte den 25.02.16

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 004/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

005/16: Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland - Høyring

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre punkt vert forsterka:

Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.

Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.»

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim:

Austrheim Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre element vert forsterka:

- Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.
- Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.»

Rådmannen trekte sitt framlegg.

Framlegget frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim vart samrøystes vedteke.

KS - 005/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre element vert forsterka:

- Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.
- Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.»

006/16: Søknad om fritak/permisjon for politiske verv

Rådmannen sitt framlegg:

Liv Ulvøy får permisjon for vervet som kommunestyrerepresentant frem til kommunestyremøte den 15.09.19

Petter Lerøy Skårnes rykker opp som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 15.09.16. Etter dette vert varamedlemslista som følger: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland Karlsen 3.Arne Kästel

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 006/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Liv Ulvøy får permisjon for vervet som kommunestyrerepresentant frem til kommunestyremøte den 15.09.16.

Petter Lerøy Skårnes rykker opp som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 15.09.16. Etter dette vert varamedlemslista som følger: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland Karlsen 3.Arne Kästel

007/16: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vel følgjande som medlemmer og varamedlemmer i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 – 2019:

MEDLEMMER	VARAMEDLEMMER
Viggo Leirvåg (H)	Hardy Pedersen (Ap)
Monica Thorpe (Ap)	Randi Dyrøy (Krf)
Veljast av eldrerådet	Veljast av eldrerådet
Atle Utkilen	Olav Hop
Elsa Skare	Tone Rugset
Leiar:	Nestleiar:

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Leiar i valnemnda Siri Kaland fremja følgjande tillegg:

Leiar Atle Utkilen og nestleiar Monika Thorpe.

Rådmannen og leiar i valnemnda Siri Kaland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 007/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vel følgjande som medlemmer og varamedlemmer i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 – 2019:

MEDLEMMER	VARAMEDLEMMER
Viggo Leirvåg (H)	Hardy Pedersen (Ap)
Monica Thorpe (Ap)	Randi Dyrøy (Krf)
Veljast av eldrerådet	Veljast av eldrerådet
Atle Utkilen	Olav Hop
Elsa Skare	Tone Rugset

Leiar:Atle Utkilen	Nestleiar: Monika Thorpe
--------------------	--------------------------

008/16: Kommunestruktur - Mandat til forhandlingsutvalet

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp att forhandlingane i prosjektet « ny kommune i Nordhordland».

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå H v / Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til:

1. å ta opp att forhandlingane i prosjektet " ny kommune i Nordhordland".
- 2.å forhandle med einskildkommunar eller grupperingar av kommunar.

Framlegget fekk 8 røyster(Krf,H og V) mot 9 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 16 mot 1 røyst(Sp).

KS - 008/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp att forhandlingane i prosjektet « ny kommune i Nordhordland».

009/16: Kontrollutvalet - Ansvar, oppgåver og organisering

Rådmannen sitt framlegg:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

1.Saka vert utsatt.

2.Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune. Grunnlagsdokumentet "

Kontrollutvalet Austrheim kommune-ansvar, oppgåver og organisering" vert å ta opp som sak i same drøftingsmøte.

Framlegget frå H v / Jorund Stellberg vart samrøystes vedteke.

KS - 009/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

1.Saka vert utsatt.

2.Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune. Grunnlagsdokumentet "

Kontrollutvalet Austrheim kommune-ansvar, oppgåver og organisering" vert å ta opp som sak i same drøftingsmøte.

010/16: Plan forvaltningsrevisjon

Rådmannen sitt framlegg:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging og vedtaksutforming – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp? Stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Økonomistyring og aktuelle øymerka tilskott
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Kommunen som skuleeigar

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Siri Kaland (Ap) la fram fylgjande framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre ber kontrollutvalet prioritera følgjande områder når utvalet skal gjennomføra forvaltningsrevisjonar i perioden 2016 – 2019:

- | | |
|---|----------------------------|
| 1. PPT og spesialundervisning. | Skal gjennomførast i 2016. |
| 2. Barnevernet. | Skal gjennomførast i 2017. |
| 3. Folkehelsa i Austrheim | Skal gjennomførast i 2018. |
| 4. KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen. | Skal gjennomførast i 2019. |

Grunngeving.

Det er kjent at Austrheim kommune har mange vedtak som fører til spesialundervisning og at det er mange elevar som får slik undervisning i siste fase av grunnskulen. Dei fleste ekspertar meiner at slik undervisning i slutten av skuleløpet gir liten effekt og at innsatsen må setjast inn tidlegare. Tidleg

innsats meiner ein vil vera avgjerande for å få ned fråfallet i den vidaregåande skulen. Austrheim kommunestyre vedtok under budsjettbehandlinga å setja av ekstra midlar til tidleg innsats. For å kunna styra meir av ressursane mot tidleg innsats, er det viktig at både politikarar og kommuneleiinga får mest mogeleg fakta om dagens bruk av spesialundervisning i Austrheim-skulane.

Eit godt barnevern kan vera avgjerande for at alle barn i kommunen skal få dei gode oppvekstvilkåra som me ønskjer å gje dei. Dersom me feilar på dette området kan det få alvorlege konsekvensar for dei som vert råka og påføra samfunnet store kostnader. Barnevernet er samstundes eit fagfelt som til dels er skjerna og lite kjent for politikarane. Det er viktig at politikarane vert betre kjent med utfordringane og moglegheitene ein har med dagens barnevern.

Hordland fylkeskommune laga i 2015 ei kunnskapsoversikt over folkehelsa i Hordaland. På fleire områder skil Austrheim seg negativt ut. Det vil vera svært nyttig å finna årsakene til at Austrheim kjem dårlegare ut enn gjennomsnittet i Hordaland på dette området og kommunen bør setja inn tiltak for å lukka gapet mellom eigne prestasjonar og dei beste kommunane i fylket.

KOSTRA, for å kunna samanlikna kommunen sine leveransar og prestasjonar opp mot andre kommunar, er det viktig at det er god kvalitet på det som vert rapportert inn i KOSTRA. Me er kjent med at me i Austrheim kommune har nokre rapporteringsavvik som gir negativt utslag på «Kommunebarometeret». Det vil vera ønskjeleg å få inn betre rapporteringsrutinar i kommunen, slik at KOSTRA-rapportar for kommunen vert så korrekte som mogeleg.

Det er viktig at kontrollutvalet med jamne mellomrom orienterer kommunestyret om framdrifta med forvaltningsrevisjonane og rapporterer eventuelle avvik i framdrifta når slikt avvik oppstår.

Dersom forvaltningsrevisjonane ikkje let seg gjennomføra som planlagt eller det dukkar opp nye saker og områder som bør prioriterast framfor dei sakene kommunestyret har prioritert, må kontrollutvalet informera kommunestyret om dette og innhenta kommunestyret si godkjenning til eventuelle avvik frå den vedtekne planen.

Det vart halde gruppemøter og deretter vart det lagt fram fylgjande fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre ber kontrollutvalet prioritera følgjande områder når utvalet skal gjennomføra forvaltningsrevisjonari perioden 2016 – 2019:

- | | |
|---|----------------------------|
| 1. PPT og spesialundervisning. | Skal gjennomførast i 2016. |
| 2. Barnevernet. | Skal gjennomførast i 2017. |
| 3. Folkehelsa i Austrheim | Skal gjennomførast i 2018. |
| 4. Økonomistyring og aktuelle øyremerka tilskot | Skal gjennomførast i 2019. |

Grunngjeving.

Det er kjent at Austrheim kommune har mange vedtak som fører til spesialundervisning og at det er mange elevar som får slik undervisning i siste fase av grunnskulen. Dei fleste ekspertar meiner at slik undervisning i slutten av skuleløpet gir liten effekt og at innsatsen må setjast inn tidlegare. Tidleg innsats meiner ein vil vera avgjerande for å få ned fråfallet i den vidaregåande skulen. Austrheim kommunestyre vedtok under budsjettbehandlinga å setja av ekstra midlar til tidleg innsats. For å kunna styra meir av ressursane mot tidleg innsats, er det viktig at både politikarar og kommuneleiinga får mest mogeleg fakta om dagens bruk av spesialundervisning i Austrheim-skulane.

Eit godt barnevern kan vera avgjerande for at alle barn i kommunen skal få dei gode oppvekstvilkåra som me ønskjer å gje dei. Dersom me feilar på dette området kan det få alvorlege konsekvensar for dei som vert råka og påføra samfunnet store kostnader. Barnevernet er samstundes eit fagfelt som til dels er skjerna og lite kjent for politikarane. Det er viktig at politikarane vert betre kjent med utfordringane og moglegheitene ein har med dagens barnevern.

Hordland fylkeskommune laga i 2015 ei kunnskapsoversikt over folkehelsa i Hordaland. På fleire områder skil Austrheim seg negativt ut. Det vil vera svært nyttig å finna årsakene til at Austrheim kjem dårlegare ut enn gjennomsnittet i Hordaland på dette området og kommunen bør setja inn tiltak for å lukka gapet mellom eigne prestasjonar og dei beste kommunane i fylket.

Det er viktig at kontrollutvalet med jamne mellomrom orienterer kommunestyret om framdrifta med forvaltningsrevisjonane og rapporterer eventuelle avvik i framdrifta når slikt avvik oppstår.

Dersom forvaltningsrevisjonane ikkje let seg gjennomføra som planlagt eller det dukkar opp nye saker og områder som bør prioriterast framfor dei sakene kommunestyret har prioritert, må kontrollutvalet informera kommunestyret om dette og innhenta kommunestyret si godkjenning til eventuelle avvik frå

den vedtekne planen.
Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Etter merknad til til protokollen i møte den 14.04.16 skal første del av vedtaket vera som følger:
Austrheim kommune ber kontrollutvalet prioritera følgjande områder når utvalet skal gjennomføra forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

1. PPT og spesialundervisning
2. Barnevernet
3. Folkehelsa i Austrheim
4. Økonomistyring og aktuelle øyremerka tilskot

Kontrollutvalet gjev tilbakemelding til kommunestyret om gjennomføringstidspunkt.

KS - 010/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre ber kontrollutvalet prioritera følgjande områder når utvalet skal gjennomføra forvaltningsrevisjon i perioden 2016 – 2019:

1. PPT og spesialundervisning.
2. Barnevernet.
3. Folkehelsa i Austrheim
4. Økonomistyring og aktuelle øyremerka tilskot

Kontrollutvalet gjev tilbakemelding til kommunestyret om gjennomføringstidspunkt.

Grunngjeving.

Det er kjent at Austrheim kommune har mange vedtak som fører til spesialundervisning og at det er mange elevar som får slik undervisning i siste fase av grunnskulen. Dei fleste ekspertar meiner at slik undervisning i slutten av skuleløpet gir liten effekt og at innsatsen må setjast inn tidlegare. Tidleg innsats meiner ein vil vera avgjerande for å få ned fråfallet i den vidaregåande skulen. Austrheim kommunestyre vedtok under budsjettbehandlinga å setja av ekstra midlar til tidleg innsats. For å kunna styra meir av ressursane mot tidleg innsats, er det viktig at både politikarar og kommuneleiinga får mest mogeleg fakta om dagens bruk av spesialundervisning i Austrheim-skulane.

Eit godt barnevern kan vera avgjerande for at alle barn i kommunen skal få dei gode oppvekstvilkåra som me ønskjer å gje dei. Dersom me feilar på dette området kan det få alvorlege konsekvensar for dei som vert råka og påføra samfunnet store kostnader. Barnevernet er samstundes eit fagfelt som til dels er skjerna og lite kjent for politikarane. Det er viktig at politikarane vert betre kjent med utfordringane og moglegheitene ein har med dagens barnevern.

Hordland fylkeskommune laga i 2015 ei kunnskapsoversikt over folkehelsa i Hordaland. På fleire områder skil Austrheim seg negativt ut. Det vil vera svært nyttig å finna årsakene til at Austrheim kjem dårlegare ut enn gjennomsnittet i Hordaland på dette området og kommunen bør setja inn tiltak for å lukka gapet mellom eigne prestasjonar og dei beste kommunane i fylket.

Det er viktig at kontrollutvalet med jamne mellomrom orienterer kommunestyret om framdrifta med forvaltningsrevisjonane og rapporterer eventuelle avvik i framdrifta når slikt avvik oppstår.

Dersom forvaltningsrevisjonane ikkje let seg gjennomføra som planlagt eller det dukkar opp nye saker og områder som bør prioriterast framfor dei sakene kommunestyret har prioritert, må kontrollutvalet informera kommunestyret om dette og innhenta kommunestyret si godkjenning til eventuelle avvik frå den vedtekne planen.

011/16: Godkjenning av Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-12 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no kan godkjennast. Plankartet er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 11.01.2016. Grunngevinga er gjeve i saskutgreinga.

28.01.2016 FORMANNSKAPET

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Anne Dahle Austrheim.

Administrasjonen: Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Part: Jan Nordbø, Hillbjørg Kversøy, Bjarne Neteland, Bent Risøy, Astrid Konglevoll, Edny Leirvåg Johannes Dyrøy, Atle Utkilen, Odd Totland, Hugo Leirvåg, Inge Leirvåg og Steinar Leirvåg

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 011/16 - 28.01.2016 - Vedtak:

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-12 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no kan godkjennast. Plankartet er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 11.01.2016. Grunngevinga er gjeve i saskutgreinga.

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 011/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-12 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no kan godkjennast. Plankartet er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 11.01.2016. Grunngevinga er gjeve i saskutgreinga.

012/16: Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

Ny ordlyd i §7 i Vedtekter for barnehagane i Austrheim kommune:

Austrheim kommune innfører eitt samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1.

Mars.

Kommunen følger nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – Barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Born av foreldre som etter Introduksjonslova § 2 – først ledd må ta til på introduksjonsprogram, og der barnet har fylt eitt år, skal ha rett til barnehageplass.

Kriterium for opptak:

Prioritet etter LOB § 13.

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§ 4-12

Born av foreldre som etter Introduksjonsloven §§ 2 og 3 må ta introduksjonsprogrammet

Born busette i Austrheim kommune

Born busette i Åsheim krins

Søsken

28.01.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 016/16 - 28.01.2016 - Vedtak:

Ny ordlyd i §7 i Vedtekter for barnehagane i Austrheim kommune:

Austrheim kommune innfører eitt samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. Mars.

Kommunen følger nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – Barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket.

Dette gjeld berre born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Born av foreldre som etter Introduksjonslova § 2 – først ledd må ta til på introduksjonsprogram, og der barnet har fylt eitt år, skal ha rett til barnehageplass.

Kriterium for opptak:

Prioritet etter LOB § 13.

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§ 4-12

Born av foreldre som etter Introduksjonsloven §§ 2 og 3 må ta introduksjonsprogrammet

Born busette i Austrheim kommune

Born busette i Åsheim krins

Søsken

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

I møte vart det delt ut uttale frå samarbeidsutvalet ved Kaland barnehage og samarbeidsutvalet for Austrheim kystbarnehage.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 012/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Ny ordlyd i §7 i Vedtekter for barnehagane i Austrheim kommune:

Austrheim kommune innfører eitt samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. Mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – Barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Born av foreldre som etter Introduksjonslova § 2 – først ledd må ta til på introduksjonsprogram, og der barnet har fylt eitt år, skal ha rett til barnehageplass.

Kriterium for opptak:

Prioritet etter LOB § 13.

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§ 4-12

Born av foreldre som etter Introduksjonsloven §§ 2 og 3 må ta introduksjonsprogrammet

Born busette i Austrheim kommune

Born busette i Åsheim krins

Søsken

013/16: Betalingssettar for barnehageplass med verknad f.o.m. 01.04.2016

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande settar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr. månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015. Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

Betalingssettar pr. dag for kjøp av ekstra dag: kr. 263 – inklusive matpengar

Søskenmoderasjon: 30% søskenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskenmoderasjon for 3. barn og oppover.

For sein henting: Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

28.01.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 015/16 - 28.01.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande settar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr. månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015.

Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

Betalingsatts pr. dag for kjøp av ekstra dag: kr. 263 – inklusive matpengar

Søskenmoderasjon: 30% søskenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskenmoderasjon for 3. barn og oppover.

For sein henting: Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesattsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 013/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr. månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015. Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

Betalingsatts pr. dag for kjøp av ekstra dag: kr. 263 – inklusive matpengar

Søskenmoderasjon: 30% søskenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskenmoderasjon for 3. barn og oppover.

For sein henting: Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesattsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

014/16: Busetting av einslege mindreårige flyktningar

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Skaffe eigna husvære, enten bygge sjølv, leige eller kjøpe dette. Skal liggja i nærleiken av eit av skulesentra i kommunen, fortrinsvis i kommunesentrum.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

28.01.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Jorund Stellberg til nytt 3. kulepunkt:

Eigna husvære kan etableras enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.

FS - 014/16 - 28.01.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Eigna husvære kan etableras enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

18.02.2016 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 014/16 - 18.02.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege midreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
 - Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
 - Eigne husvære kan etablerast enten gjennom å gyggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulik alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.
 - Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene
-